



**TELEMARK UTVIKLINGSFOND
TUF**

Årsmelding for 2018

TELEMARK UTVIKLINGSFOND



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

INNHOLDSFORTEGNELSE

1.	PARTAR I FORETAKET	4
2.	ORGANISASJON	4
2.1.	Styret for 2018 har hatt fylgjande medlemmar:	4
2.2.	Dagleg leiar/sekretær:	4
2.3.	Revisor:	4
2.4.	Regnskapsfører	4
3.	STYRETS ARBEID	5
4.	SØKNADER BEHANDLA I 2018	5
4.1.	Søknader og vedtak i 2017	5
4.1.1.	Sebased Norway	5
4.1.2.	DNT- Telemark	5
4.1.3.	Telemark Fylkeskommune	6
4.1.4.	Constairs AS.....	6
4.1.5.	Dalen Mekaniske AS	6
4.1.6.	MSG Production	6
4.1.7.	Holte Gård	6
4.1.8.	Bandak NCT	6
4.1.9.	Sustaintech As.....	6
4.1.10.	Visit Telemark.....	6
4.1.11.	Løyvingar som er trekt tilbake i 2018	7
4.1.12.	Mindre løyvingar for 2018.....	7
5.	LØYVINGAR GITT AV STYRET TIDLEGARE ÅR UTBETALA OG BELASTA I 2018	8
5.1.	Regionalt samarbeid i kraftkommunane	8
5.2.	Telemark Fylkeskommune	8
5.3.	Telemark som eigen olympisk øving	8
6.	ØKONOMI	8
7.	AKSJER OG UTLÅN PR 31.12.2018	9
7.1.	Skagerak Maturo Seed AS	9
7.2.	Norsep AS	9
7.3.	Skien Datasenter As	9
7.4.	Lån til Biogren AS	9
7.5.	Lån til Sustaintech AS	10
8.	AKSJER SOLGT I 2018	10
8.1.	Sagamoen Invest AS.....	10
9.	BUDSJETT 2019	10
10.	MOGLEGE LØYVINGAR FRAM I TID	11



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

11.	HONORAR – LØN	12
12.	INTERN KONTROLL	12
13.	ETISKE RETNINGSLINER	12



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

1. PARTAR I FORETAKET

Telemark Utviklingsfond (TUF) er oppretta av dei 8 kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje samt Telemark Fylkeskommune.

Drift og organisering av TUF er basera på avtale om disponering av konsesjonskraft signert den 9. desember 2009 og gjeldande frå 01.januar 2011. Samt egne vedtekter godkjent av alle partar.

TUF er et eige rettssubjekt med Reg.nr 999 512 690. TUF har kontoradresse: Fylkeshuset, 3715 Skien.

2. ORGANISASJON

Styret er på fem medlemar og følgjer valperioden for kommunane og fylkeskommunen. Det skal veljast personlege vara medlemar. Fire av medlemmane skal veljast av fylkestinget og ein veljast frå dei åtte avtale komunane.

2.1. Styret for 2018 har hatt fylgjande medlemmar:

<i>Sven Tore Løkslid</i>	<i>leiar</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Gunn Marit Helgesen</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Terje Riis Johansen</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Eva Markset Lia</i>	<i>medlem</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>Erik Skjervagen</i>	<i>medlem</i>	<i>Fyresdal Kommune</i>
Vara medlemmar:		
<i>For Sven Tore Løkslid</i>	<i>Hans Edvard Askjer</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Gunn Marit Helgesen</i>	<i>Knut Morten Johansen</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Terje Riis Johansen</i>	<i>Harald Kinch</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Eva Markset Lia</i>	<i>Tone Berge Hansen</i>	<i>Telemark Fylkeskommune</i>
<i>For Erik Skjervagen</i>	<i>Jarand Felland</i>	<i>Tokke Kommune</i>

2.2. Dagleg leiar/sekretær:

Terje Bakka

2.3. Revisor:

Telemark kommunerevisjon IKS

2.4. Regnskapsfører

Telemark Fylkeskommune, Økonomiseksjon.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

3. STYRETS ARBEID

Styret har i 2018 behandla 27 saker i 4 forskjellige styremøte.

Det er behandla 14 nye søknader om tilskott med totalt søknadsbeløp på kr 18.058.000,- av disse er det gitt tilskott til 10 nye søknader med total beløp kr 16.6000.000,-. I tillegg kjem løyvingar til mindre tiltak der dagleg leder har fullmakt, det er løyvd kr 75.000 til desse tiltaka fordeila på 2 mindre tiltak. Vidare kjem løyvingar frå tidlegare år som er vedteke utbetala og belasta 2018 løyving, desse løyvingane utgjør kr 4.573.139,-.

Dei største sakene som er behandla er nærare forklart under.

4. SØKNADER BEHANDLA I 2018

4.1. Søknader og vedtak i 2017

Oversikt over søknader motteke og behandla i 2018. Det er gitt nærare informasjon om dei største løyvingane i eigne punkt. Total løyving for 2018 er kr 21.898.337-. Av dette er det løyvd kr 16.675.000 til nye tiltak.

Søknader behandlet i TUF Styret 2018

Søknad behandlet	Saks nr	Søknad fra	Søknaden gjelder	Innvilget år 2018	Avslått/ Redusert	Søknadssum
	Sak 9/11	Bevilget fast til mindre tiltak etter fullmakt	Mindre tiltak	75 000		75 000
08.01.2018	Sak 1/2018	OL til Telemark	Støtte til mulighetsstudie	0	1 500 000	1 500 000
05.04.2018	Sak 6/2018	Sebased Norway	Oppstartslån etablering i Brevik	1 900 000	0	1 900 000
05.04.2018	Sak 7/2018	DNT Telemark	Forprosjekt nye Mogen Turisthytte	230 000	0	230 000
05.04.2018	Sak 8/2018	Marispelet Rjukan	Støtte til å ansette en 60% produsent	0	1 050 000	1 050 000
13.08.2018	Sak 14/2018	Telemark Fylkeskommune	Driftfinansiering av Telemarkskanalen 2019	8 000 000	0	6 000 000
13.08.2018	Sak 15/2018	Constairs AS	Produksjonslinje pre-fabrikkert trappforskaling	480 000	0	480 000
13.08.2018	Sak 16/2018	Dalen Mekaniske AS	Etablering av ny produksjonslinje	1 750 000	98 000	1 848 000
13.08.2018	Sak 17/2018	MSG Production	Markedsbidrag	1 000 000	0	1 000 000
13.08.2018	Sak 18/2018	Holte Gård	Felles distribusjon lokalprodusert mat	350 000	0	350 000
06.10.2017	Sak 19/2018	Notodden kommune	Forprosjekt Motorsportsenter	0	250 000	250 000
06.10.2017	Sak 20/2018	Nissedal og Kviteseid kommune	Tilskudd til å rydde RV 41 for skog	0	200 000	200 000
06.10.2017	Sak 21/2018	Bandak NCT	Utvidelse av produksjonskapasitet	890 000	360 000	1 250 000
06.10.2017	Sak 22/2018	Sustaintech AS	Lån/egenkapital i selskapet	1 000 000	0	1 000 000
14.11.2018	Sak 25/2018	Visit Telemark	Kampanjer sommer 2018 - Vinter 2019	1 000 000	0	1 000 000
			Sum	16 675 000	3 458 000	18 133 000

4.1.1. Sebased Norway

Det er løyvd kr 1.900.000,- som etableringslån. Lånet skal betalast tilbake over fem år med rente lik Nibor 3 mnd pluss 3,5%.

Selskapet skal etablere fabrikk i Bevik for å bygge bølgekraftverk.

4.1.2. DNT- Telemark

Det er løyvd kr 230.000,- til DNT-Telemark. Løyvinga skal nyttast til eit forprosjekt for å bygge ny turisthytte på Mogen.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

4.1.3. Telemark Fylkeskommune

Det er løyvd 6 MNOK til Telemark Fylkeskommune. Midlane skal dei bruke til diverse tiltak til Telemarkskanalen.

4.1.4. Constairs AS

Det er løyvd kr 480.000,- til Constairs AS. Løyvinga skal nyttast til å utvikle eigen bedrift. Bedrifta er lokalisera på Brenna Industriområde Sauherad. Dei skal utvikle og produsere pre-fabrikker trappforsking.

4.1.5. Dalen Mekaniske AS

Det er løyvd kr 1.750.000,- til Dalen Mekaniske AS. Løyvinga skal nyttast til å etablere nye produksjonslinjer. Bedrifta er lokalisera i Tokke.

4.1.6. MSG Production

Det er løyvd kr 1.000.000,- til MSG Production. Løyvinga skal nyttast til å marknadsføre bedrifta samt delta på messer i utlandet. Bedrifta er lokalisert i Skien.

4.1.7. Holte Gård

Det er løyvd kr 350.000,- til Holte Gård. Løyvinga skal nyttast til å utvikle eit felles distribusjons system for lokalprodusert mat. Bedrifta er lokalisera i Drangedal

4.1.8. Bandak NCT

Det er løyvd kr 890.000,- til Bandak NCT. Løyvinga skal nyttast til å utvide produksjonskapasitet. Bedrifta er lokalisert i Notodden.

4.1.9. Sustaintech As

Det er løyvd kr 1.000.000,- til Sustaintech AS. Løyvinga r i fyrste omgang gitt som eit lån, det skal seinare konverterast til aksjar i selskapet. Bedrifta er lokalisert i Porsgrunn.

4.1.10. Visit Telemark

Det er løyvd kr 1.000.000,- til Visit Telemark. Løyvinga skal nyttast til å profilere Telemark. Løyvinga skal nyttas til å marknadsføre Telemark sommar 2018 og Telemark vinter 2019.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

4.1.11. Løyvingar som er trekt tilbake i 2018

Løyving på kr 1.307.000 er trekt tilbake, grunnlaget for det er at tiltaka ikkje er blive gjennomført. Utbetaling til Søve er redusera med kr 78.700,- grunnen er at tiltaket hadde mindre kostnad enn budsjettera.

Tekst	Redusera utbetaling pga mindre kostnad	Trekt tilbake
Søve fagskuleprosjekt	78.700	
Fjellbryggeriet		622.000
Betanien Hospital		560.000
Telemark Teknologipark		125.000
Sum redusera – trekt tilbake	78.700	1.307.000

4.1.12. Mindre løyvingar for 2018

Det er gjeve to løyvingar av mindre størrelsar i 2018 sum utbetala er kr 75.000,-. Dagleg leiar har ei ramme på kr 500.000,- som kan nyttast til mindre tiltak.

Desse har fått løyvingar:

Veteranbiltreff Telemark	25 000
Kragerø Resort, program Camp Senkveld	50 000
Sum bevilget	75 000



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

5. LØYVINGAR GITT AV STYRET TIDLEGARE ÅR UTBETALA OG BELASTA I 2018

5.1. Regionalt samarbeid i kraftkommunane

Løyvinga for 2018 er på kr 2.978.475,- dette er ein årleg utbetaling og er ein del av vedtektene fastsatt for TUF. Det årlege beløpet skal indeksregulerast med basis i 2011. I samsvar med vedtektene skal fondet dekkje ein del (50 %) av spesifiserte kostnader satt opp som grunnlag for avtala.

Beløpet som årlig blir utbetalt er som vist under:

Vest Telemark Rådet	kr 2.233.932,-	75,0 %
Tinn Kommune	kr 479.479,-	16,1 %
Hjartdal Kommune	kr 265.064,-	8,9 %
Sum	Kr 2.979.475,-	

5.2. Telemark Fylkeskommune

I styresak 30/2014 blei det avsett kr 500.000,- som årleg støtte til arrangement i Telemark. Løyvinga gjelder ut 2018.

5.3. Telemark som eigen olympisk øving

Støtte til Norges Ski forbund med formål å få Telemark inn som eigen olympisk øving. Utbetalt kr 1.094.664,- for 2018. Prosjektet varer fram til våren 2018. Den internasjonale ski konferansen i juni 2014 vedtok at dei skal gå vidare med søknad til IOC. Kina er ein samarbeidspartnar fir bl.a. å sjå på mogligheit for å oppnå verdensarvstatus saman med Morgedal.

6. ØKONOMI

Regnskapet syner at TUF er tilført kr 35.964.543,00 fra Konesjonskraftstyret i Telemark i 2018. Dette gjelder overskot fra sal av Konesjonskraft for 2018, og etteravrekning fra 2017 kr 5.396.853,-. Annorda kr 14.068.707,- som blir utbetala i januar og juni 2019. Fra 2018 er det ein endring i rekneskapsprinsippa slik at hele årets berekna overføring fra KKST er inntektsført i 2018. For 2018 viser regnskapet et beder resultat med kr 5.396.853,- som er lik etteravrekning for 2017. Det er et betydelig avvik mellom reelle inntekter for selskapet i 2018 og det som var lagt til grunn i revidert budsjett. Avviket vart på kr 5.836.000. Grunnen til dette var en feil i oppsett fra KKST. For 2018 er det overført kr 11.265.000,- meir enn opprinnelig budsjett, dette skyldes økte kraftpriser og dermed større overføringer fra KKST.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

For 2018 er det eit mindreforbruk på totalt kr 2.828.291,-. Styret vil avsette årets mindreforbruk kr 2.828.291,- til disposisjonsfond. Denne disponeringa vil bli formelt gjennomført på styremøte i 2019.

Årsrekneskapet viser eit netto driftsresultat på kr 19.080.004,- dette er TUF sitt overskott frå drifta i 2018.

For meir detaljar om rekneskapen så syner ein til det framlagte årsrekneskap.

7. AKSJER OG UTLÅN PR 31.12.2018

7.1. Skagerak Maturo Seed AS

Skagerak Maturo er eit «såkorfond» oppretta med midlar frå offentlige og private. Det er vedteke å investere 3 MNOK, Skagerak Maturo har innkalla kr 629.999,- pr 31.12.2018. Det er styrets håp at Skagerak Maturo skal investere i selskap i Telemark og dermed bidra til auke av arbeidsplassar i Telemark. Foreløpig har dei ikkje investera i selskap i Telemark.

7.2. Norsep AS

Norsep er eit selskap som skal utvikle teknologi for å reinse forureina avfall. Styret har tru på at dei skal lykkast med utviklinga, dersom Norsep lykkast vil det føre til eit betydeleg bidrag i arbeide med å ta kontroll over forureina avfall. Norsep arbeider med ein aksjeemisjon, det kan være mogleg at TUF sel seg ut av selskapet i forbindelse med denne emisjonen

7.3. Skien Datasenter As

Skien Datasenter er etablert i samband med arbeidet for å få lagt eit stort datasenter til Skien. Selskapet er oppretta med ein minimumskapital, det er foreløpig ikkje vurdert kva for rolle Skien datasenter skal ha i en slik utvikling. Styret har ikkje tatt stilling til om dei skal delta i vidare utvikling av selskapet.

7.4. Lån til Biogren AS

TUF har løyvd totalt 3 MNOK til å etablere Biogren AS. Av dette er 1,5 MNOK løyvd som lån utan sikkerheit. Dei planlegg å byggje ein pelletsfabrikk i Grenland. Selskapet har i to år arbeid med å skaffe eksterne investorar til selskapet, dette har dei ikkje lykkast med. Selskapet håpar at dei kan skaffe investorar i løpet av kort tid, dei varslar samstundes at dette arbeidet kan ta lengre tid. Styret er uroleg for at det ikkje vil lykkast selskapet å skaffe investorar til prosjektet. Det er stor moglegheit for at gjeve lån må sjåast som tapt. Dersom det visar seg at ein må avskrive lånet som tapt vil dette bli tatt inn i rekneskapet for 2019.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

7.5. Lån til Sustaintech AS

Det er løyvd eit lån på kr 1.000.000,- til Sustaintech AS. Lånet skal utbetalast i tre like beløp fram til våren 2019. Utbetalingane skal skje i samsvar med ein framdriftsplan utarbeida av selskapet. Pr 31.12.2017 er det utbetala kr 350.000,-. Lånet kan konverterast til aksjekapital. Selskapet utviklar ein teknologi for å ta bort medisinerstar frå avløpsvatn.

8. AKSJER SOLGT I 2018

8.1. Sagamoen Invest AS

TUF har investera 4,5 MNOK i selskapet, Sagamoen Invest har investera i Bandak Lunde i Nome og Bandak NCT på Notodden. I 2018 har styret akseptert tilbod om å overdra aksjar i Sagamoen Invest til lokale investorar. Aksjane blei seld ut med eit påslag på 3 %. Investeringane blei gjennomført i juni 2016, investeringa har medført at TUF har vært med på å oppretthalde 80 arbeidsplassar i Lunde og 40 på Notodden, dette er styret nøgd med.

9. BUDSJETT 2019

For 2019 har styret totalt budsjettera med fylgjande til fordeling:

Berekna overføring frå Konesjonskraft for 2019	Kr 37.300.000,-
Vedtekne løyvingar frå før 31.12.2018	Kr 3.500.000,-
Administrative kostnader 2019	Kr 1.200.000,-
Avsetnad til fond	Kr 5.600.000,-
Sum til disposisjon for nye løyvingar 2019	Kr 27.000.000,-

Styret har vedteke at dei ynskjer å bygge opp fond slik at ein har moglegheit til å delta i store investeringar som vil kan være av stor verdi for fylket.

Det blir avsett 15% av berekna overføringar kvart år, samstundes om ikkje nytta midlar dei enkelte års skal leggjast til fond. Vidare er det vedteke at midlar som ikkje blir nytta også skal leggjast til fondet.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

10. MOGLEGE LØYVINGAR FRAM I TID

TUF sin inntekt dei einkilde åra er basera på overføring frå fylkeskommunen sitt overskott frå Konesjonskraft.

TUF sin del av overskottet frå Konesjonskraft er basera på ei avtale mellom Fylkeskommunen og 8 kraftkommunar. I denne avtala så har Fylkeskommunen sagt frå seg retten til 112,5 GWh, denne kraftmengda er overført til dei kraftkommunane som har overskott av kraft i forhold til eige bruk. I forbindelse med avtala vart det berekna at TUF skulle få del av overskottet frå Konesjonskraft lik 202,5 GWh. Gjennom årene har det vært en auke i kraftforbruket til kommunane. Dette har resultera i ein nedgang til TUF slik at TUF nå får utbetala overskott i forhold til 164,7 GWh. Dette er ein nedgang på 18,7% .

Frå 2019 vil det bli ein betydeleg nedgang på tilgjengeleg kraft frå Møsvatn-reguleringa, grunna nedregulering av tilgjengeleg kraft. Det er ikkje tilstrekkeleg oversikt pr dato til å angi kor stor denne nedgangen vil bli. Slik som avtale med kraftkommunane er utforma vil heile den nedgangen bli redusera på kraftvolum som tilkjem TUF.

I Vinje er dert planar om å etablere dataindustri med ein planlagt horisont på 1-5 år. Kor stort dette kraftkvantumet vil bli er ikkje mogleg å seie på nåverande tidspunkt. Ein må rekne med at dette kan bli eit betydeleg kraftkvantum. Avtala inngått mellom Fylkeskommunen og kraftkommunane er utforma slik at auke i forbruk i kommunane vil komme til reduksjon i TUF sin del.

Styret ser at ein må akseptere ein betydeleg nedgang og usikkerheit når det gjeld overføringar for dei enkelte år frametter. Det er ikkje utenkeleg at kraftvolum som skal fordelast til TUF kan bli svært lågt frametter, ikkje usannsynleg tilnærma null.

Styret meiner at dette er noko eigaren av TUF, Telemark Fylkeskommune må være klar over.

Dei fyrste månadene i 2019 har det blitt oppnådd gode prisar for Konesjonskraftstyret, dette fører til ein moglegheit for auke i overføringane.



TELEMARK UTVIKLINGSFOND TUF

11. HONORAR – LØN

For året 2018 er betalt følgende i honorar og løn.

Styrehonorar	Kr 230.000,-.
Løn dagleg leiar	Kr 347.500,-.
Honorar revisor	Kr 22.000,-.

12. INTERN KONTROLL

TUF har vedteke egne retningslinjer som skal sikre at føretaket har god intern kontroll. Ein syner til desse retningslinjene for å underbygge styret sin vurdering av god intern kontroll.

13. ETISKE RETNINGSLINER

Telemark Utviklingsfond arbeider etter dei same etiske retningslinjene som Telemark Fylkeskommune.

Skien den 31.12.2018/ 29.03.2019

Sven Tore Løkslid
Styreleiar

Terje Riis Johansen
Styremedlem

Erik Skjervagen
Styremedlem

Gunn Marit Helgesen
Styremedlem

Eva Markset Lia
Styremedlem

Terje Bakka
Dagleg leiar